

Eit kikhol til ei anna tid

Av Knut A. Langeland

Jordvågen ligg stille. Han gjer oftast det. Berre når nordvesten piskar opp Radsundet og sender bølger med kvite toppar på mot svaberga på Veneset, klarer ei og anna bære å nå heilt inn til stranda inst i Jordvågen.

Lenge låg Jordvågen slik, gudsforlaten for seg sjølv, berre med ein ulande nordvestkuling til sjeldant selskap. Det som ein gong hadde vore beite og slåttemark, og under krigen endåtil kornåker for eit av bruka på Sellevoll, vart sakte slukt av naturen. Det kunne gå månader og år mellom kvar gong ein mann sette far hit. Ingen fløtte tømmer, ingen slo graset, ingen hausta korn. Ingen hadde lenger overskot og kjærleik for Jordvågen.

No går det traktorveg i Jordvågen. Her er framkomande, ikkje berre for hjort og rev og kråke, men for folk og maskiner. Den bratte lia i aust, lenge kledd med planteskog, er hausta og rydda no. Plank frå denne skogen skal nyttast, først til å setja i stand att dei gamle torvhusa i Veneset, så til å vøla den vindskeive stova på Sellevoll, der han Ragnvald og ho Alma ein gong budde. Tømmeret må berre turka først. Han Ragnvald sine gamle minebor, lagra på låven for påkomande tilfelle, gjer teneste som gjerdestolpar i ur og berg like fram til stranda i Jordvågen.

Det har vore eit omfattande arbeid. Det har kravd sin mann. Ein mann med fysisk kapasitet, som dessutan ber på ei sterk indre drivkraft, eit kall og ein lidenskap, om du vil. Ein mann med verdiar som er knytt til jorda som jord, ikkje som spekulasjonsobjekt. Ein mann som finn inderleg glede i arbeidet, fordi han gjennom arbeidet også er heldig og får kjenna på eit djupt hopehav med dei som livberga seg og sine på dette arbeidet, i denne marka, på desse bøane, med desse nevane.

Det er ingen som veit, men han Ragnvald kan nok ha tenkt når han såg gløden i augo til barnebarnet Claus, at ein dag skulle nettopp han finna minebora på låven og nytta dei til gjerdestolpar i utmarka. Kan hende kan det ha slått han når han opplevde sonesonen sin iver etter å delta i landbruket at ein dag skulle Claus bruka plank frå planteskogen hans i Jordvågen til å setja i stand att våningshuset på Sellevoll.

Ragnvald såg, og visste å verdsetja, denne interessa og læreviljen som barnebarnet la for dagen. Claus vart ein stadig viktigare svein og hjelpar i gardsarbeidet. Men knapt hadde nok han Ragnvald sett for seg, då han låg på sitt siste, jorda hadde lege brakk i to år og teikna i tida peikte mot alt anna enn eit oppsving for utmattande kroppsarbeid, at det skulle bli nytt liv på Norda Stykkje, i Brekkena og i Jordvågen. At poteter skulle såast, at beite skulle pussast eller at det skulle bli grisehald i Veneset. At det skulle gravast og grøftast og drenerast, at traktorvegar og steinbruer skulle byggjast, og iallfall hadde han ikkje sett for seg at dei gamle nedgrodde torvhusa i Veneset skulle koma fram att i lyset.

Kva skulle no det tena til, forresten?

Han Ragnvald var ein pragmatikar. Han strekte seg med stutturven heilt ned i strandkanten for å få tak i det som kunne representera eit måltid for ein okse. Han likte ikkje å sjå gode ressursar gå til spille. Ragnvald var den siste i grenda som brukte hest i gardsarbeidet, for slik fekk han best utnytta det den skrinne jorda og den uvegsame utmarka kunne gje. Samstundes var det nok framand for han å skulla bruka tid og krefter på å byggja opp att nokre halvt nedrasa steinhus inntil ei torvmyr. Den gamle bonden og skytebasen hadde nok helst rista litt på hovudet av slikt lettsinn.

Claus Sellevoll har skridt viljefast til verket. Ingen oppgåver er blitt han tildelt, han har sjølv plukka, planlagt og prioritert, men det samla resultatet er eit bruk på stell. Bygningar, bøar, utmark, innmark, skog og slåttemark. Dei gamle torvhusa i Veneset kjem til å bli små handverksfaglege smykke i dette landskapet, men meir enn det. Dei er kikhol bakover til ei anna tid, med andre rammevilkår og andre krav, der halmstrået ditt ikkje var NAV, men nettopp halmstrået og det du klarte å få jorda, fjorden og skogen til å gje. Det er restaurert sjølvrespekt, like mykje som det er viktige kulturminne om den gongen skåren og turka torv var ein avgjerande ressurs.

Og ingen, ingen kan i usikre tider sjå bort frå at dei attreiste torvhusa ein dag kan koma til å gjera ein forskjell att i folks liv.

Arbeidet med torvhusa i Veneset samanfattar på sett og vis prosjektet som Claus har sett i gang på eigedommen han kjøpte ut frå slektningane sine i 2018. Det er drive av lyst og interesse, mykje meir enn av plikt. Det er tungt og krevjande, men det er endå meir gjevande. Det er stein oppå stein. Møysommeleg, nøyaktig og i lange periodar altoppslukande. Det er emosjonelt fordi det knyter Claus til generasjonane før han. Når han rettar ryggen og løftar blikket, kan han lett sjå for seg korleis han Ragnvald, smattande på sneipen, ville ha nikka anerkjennande til eit arbeid som også er ei bru til kunnskap og innsikt, ja, kanskje endåtil vidsyn og forstand, for nye generasjonar.

For no diltar ein ny Ragnvald etter på bøane. På Norda Stykkje, i Brekkena, i Veneset og i Jordvågen. Claus ser mykje av seg sjølv att i sin eigen son, nyfiken og veslevaksen på ei og same tid. Og kry. Det er det same pågangsmotet, den same tenesteviljen, den same energien.

Jordvågen ligg ikkje lenger stille. Eit bål er tent i strandkanten, ein gut plaskar i vatnet, ein far har snart pølsa klar. Det luktar av nyslått gras og kvae, og, ja, det er kjærleik i lufta.